



ÅRSMELDING 2018

Øyrådet vart skipa 25. februar 2015 med formål å «fremje utvikling og vekst på alle område i lokalsamfunnet, for å sikre at øya også i framtida skal vere eit livskraftig samfunn.»

Årsmøtet 2018 vart halde den 28.02.2018. Det lukkast då ikkje å få valt ny leiar, så ekstraordinært årsmøte vart halde 02.05.2018.

Forutan leiaren, består styret av leiarane i arbeidsgruppene i øyrådet, med nestleiarane som personlege varamedlemar.

STYRET I ØYRÅDET 2018:	Varamedlemer i styret:
Knut G. Flem, leiar Uwe Kleinhans, nestleiar Bjørn Longva, kasserar Ewa Piasecka Jan Arne Longva Grete Vindsnes	Karoline U. Øines (Næring/tilflytting) Knut G. Flem (Økonomi) Olav Skarstein (Informasjon) Joar Haram (Bustad) Karianne Urke (Trivsel)
VALNEMND 2018:	REVISORAR 2018:
Røy Kolseth, leiar Karoline Urke Øines Severin Longva Vara: Mette Krogsæter	Olav Skarstein Aage Flem

Styret i Øyrådet for Flemsøy/Skuløy har hatt 11 møte sidan årsmøtet 2018.

Arrangement/saker som Øyrådet har stått for eller vore involvert i:

- Deltaking på næringskonferanse på ID-huset 2018.
- Arbeid med ny kommunal arealplan.
- Nordøyvegen – produksjon og distribusjon av videosnuttar og andre tiltak.
- Pådrivar for breiband/digital infrastruktur til øyane.
- Planlegging av Coop-tilbygg/kafe.
- Oppfølging og avslutning av det 3-årige bygdemobiliseringsprosjektet som Øyrådet har vore med i.
- Deltaking på «Friskus»-kurs. (Friskus = oppdrags- og arrangementskalender)
- Utsending til møte om korleis ivareta lokaldemokratiet i Nye Ålesund, ID-huset 14.05.2018.
- Stand på fotballturnering i Nordøyhallen i romjula.

Styret har hatt til oppgave å koordinere aktiviteten i arbeidsgruppene, og å samarbeide med aktørar utanfor øya. **Arbeidsgruppene har stått for ein stor del av aktiviteten i øyrådet, og dei blir difor nemnt i årsmeldinga med eigne årsrapportar nedanfor:**



Årsmelding 2018 for Infogruppa

Infogruppa/ Mediagruppa 2018

Leiar: Ewa Piasecka. Nestleiar Olav Skarstein. Medlemmer: Tanja Otterlei, Trond Ravnstad, Linda N Vedeld, Marion H Bergheim, Andreas Flem og Odd Einar Molnes .

Øyrådet har dette året jobba mest med Facebooksida i fellesskap. Denne har fått god blest, fått mange nye «likarar» og vore mykje i bruk i det siste. Spesielt denne tida då vi diskuterte og lagt inn innlegg om Nordøyvegen. Vi har alle vore flinke å dele og prøver å vere litt engasjerte der.

På nettsida er det mest Olav som legg inn innlegg. Trond er også aktiv, og har laga til opplegg for Værstasjonen på sida. Vi må ha litt meir statisk informasjon på heimesida vår, som ikkje går ut på dato så fort. Dette vert neste prosjekt vi må ta tak i. Nye bilete er bra :) Kan vi finne noko som gjer det spanande å gå inn på sida vår? Værstasjonen er ein slik ting. Filmen til Håkon Haram var veldig flott og den vart godt mottatt og mykje delt. Vi må vere flinke til å linke heimesideinnlegg på facebooksida vår.

Vi har hatt 1 møte i 2018 og ellers har vi litt kommunikasjon på Messenger-chatten vår dersom det er noko som må diskuterast med ein gong...

Det har vore litt salg av tskjorter, men ikkje så mykje, vi har fleire igjen... Vi har heller ikkje vore så aktiv med å selge desse i år.

For neste periode er Infogruppa slik:

Leiar: Marion . Nestleiar Olav. Medlemmer: Tanja, Trond, Linda, Andreas og Odd Einar .

Ewa har 1 år permisjon. Vi jobber med å få inn eit medlem til.

Årsmelding 2018 for Økonomigruppa

Medlemar: Bjørn Longva og Knut G. Flem

Leiar og kasserar: Bjørn Longva

Nestleiar og skrivar: Knut G. Flem

Sidan det er berre to medlemmer i Økonomigruppa, har vi ikkje hatt formelle møte, men meir uformelle møte heime hjå kvarandre. Elles går kommunikasjonen via telefon og epost.

I tillegg til kasserarjobben har vi søkt om momskompensasjon for Skulebua. Søknadssum var kr 54.136, og det vart først innvilga kr 50.752. Seinare løyvde Stortinget meir pengar slik at vi fekk kompensasjon fullt ut.

Vi har også søkt om momskompensasjon for utgifter til drifta av Øyrådet. Søknadssum var kr 22.983. Utbetaling var på kr 17.177 (avkortning på 25,26 %).

Sluttrapport for bygdemobiliseringsprosjektet er innsendt og godkjent, og sluttpengane er utbetalt.

Sjå elles rekneskaper for 2018.



Årsmelding 2018 for Trivselsgruppa

Gruppa har bestått av desse medlemmane:

Arnfinn Flem, Birgit Fjelle, Sigrunn Kjos Longva, Johanne Flem, Johnny Austnes, Camilla Flem Otterlei, Evy Maritha Hellebust Rogne, Grete Vindsnes (leiar) og Karianne Urke (nestleiar).

Trivselsgruppa har hatt 9 møter dette året, og har arbeidd med følgjande:

- arrangere ope møte for å få i gong opprusting av turstiane på øya.
 - medlemmar av Trivselsgruppa og andre grupper i Øyrådet har jobba vidare med å få i stand finansiering av arbeidet med turstiane.
 - forsøk på å arrangere vårfest og dans med Nordøyane Storband.
- Dette vart avlyst då vi fekk for få påmeldingar til å gå med overskot.
- forsøk på å arrangere dans under HaNo-dagane. Dette vart lagt på is, då HaNo sjølve skulle ha underhaldning på kveldstid.
 - arrangere byttedag 1.september på Nordøy Grendahus.
 - stå som arrangør av "Eldredagen" i Haram.

Undervegs har det blitt danna undergrupper i Trivselsgruppa. I samarbeid med andre lag på øya har dei bidratt til slutføring av arbeidet med "Skulebua", planlegging av kafébygg ved Coop Marked, Longva, oppsetting av vêr-stasjon på "Skulebua" og arbeid med turstiane på øya.

Årsmelding 2018 for Nærings- og tilflyttingsgruppa

Medlemer: Karoline U. Øines, Lisbeth Austnes, Uwe Kleinhans, Birgit Kjerstad, Rita Kvinge, Jonny Flem, Mette Krogsæter, Severin Longva, Knut Flem, Rolf Longva og Johan Longvanes.

Leiar: Uwe Kleinhans

Nestleiar: Karoline U. Øines

Skrivar: Knut Flem

Oppsummering av årets aktivitet

Det har vore halde 1 møte i gruppa sidan samanslåingsmøtet 15.01.2018.

Saker det har vore jobba med:

- a) Nordøyvegen: mellom anna produksjon og distribusjon av videosnuttar for å informere og påverke beslutningstakarane.
- b) Breiband (fibernett): kontakt med Nye Ålesund ang. prosjekt om utbygging av breiband på stader som pr. i dag har for dårleg kapasitet. Vi har fått opplyst at ingen kommersielle aktørar var interessert i utbygging på øyane i samarbeid med Nye Ålesund. Uwe har òg hatt kontakt med Telenor for å få informasjon om kva planar dei har.
- c) Tilflytting:
 - Birgit og Atle har hatt besøk av eit nederlandsk par som er interessert i å skaffe seg eit gardsbruk i Noreg. I praksis er det ikkje enkelt å få til ei tilfredsstillande ordning med kjøp eller leige av gardsbruk.
 - Ein familie frå Uruguay som bur i Italia har teke kontakt og dessutan to andre familiar via Placement. Noko meir har ikkje kome ut av desse kontaktane.



Årsrapport 2018 for Bustadgruppa

Medlemmer: Jan Arne Longva (leiar), Joar Haram (nestleiar), Terje Slyngstad, Terje Davik, Arne Vedeld og Per Kristian Klokk.

Gruppa har hatt eit gruppemøte. Vi informerte også om øyrådet og nye forslag til arealplan på stand under fotballturneringen i romjula.

Ny kommunal arealplan som vart lagt ut 20.12.18. Plan ligg ute i 6 veker og innspel til arealplan kan sendast kommunen.

Revidert plan vert så lagt ut for kommentar, og mulig folkemøte med teknisk etat, før den skal godkjennast av kommunestyret.

Liste over ledige tomter er oppdatert.